



Populær trio på Tiaren, Kristian Bringedal, Reidar Myklebust og Svein Rimestad.

I går, tysdag, hadde Kafè Tiaren ope for siste gong før jul. Besøket var svært godt, og det var fullsett då trioen Reidar Myklebust, Svein Rimestad og Kristian Bringedal markerte sesongavslutninga med ei halvtimes songstund. Dette vart sett stor pris på av dei frammøtte Tiaren-gjestene.

I løpet av songstunda var det både julesongar som Bjørn Eidsvåg sin vakre 'I En Natt' og allsong av m.a. 'Gryta hennar mor'. Det var også eit spesielt soloinnslag ved Svein Rimestad. I eit adventsprogram på NRK for nokre veker sidan, hørde Rimestad trubaduren Børge Pedersen frå Trondheim syngja Håll Mitt Hjarta med tekst av Peter Hallstrøm og melodi av Bjørn Skifs. Dette fascinerte han, og rimsmeden frå Korsnes sette seg ned og laga nynorsk tekst, Hald Mitt Hjarta. Denne framførte han for første gong med den gode røysta si til eige gitarakkompagnement under songstunda på Tiaren.

Fleire av dei som var på Tiaren i går, har lete vel og syntes songstunda var eit positivt innslag som dei håpar kan gjentakast med jamne mellomrom. No er det altså juleferie på den populære kaféen, og første opningsdag etter nyttår er tysdag 3.januar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Gunnlaug Eik